

# Samarbeidsavtale

mellom

Lindås idrettsråd og Lindås kommune



## Bakgrunn for avtalen

Lindås idrettsråd (heretter omtala **idrettsrådet**) og Lindås kommune har felles mål og verdier for å leggje tilrette for idrett og fysisk aktivitet som førebyggjande folkehelsearbeid, trivsel og attraktivt fritidsliv, samt gode oppvekst- og levevilkår.

*Ei avklaring: Med idrett forstås aktivitet i form av trening eller konkurranse i den organiserte idretten.*

For å styrkje naudsynt samspel mellom idrettsrådet og kommune har partane inngått denne formelle samarbeidsavtalen. Den skal klargjera viktige prinsipp og gjensidige krav og forventningar, og skape forståing og respekt for kvarandre sine synspunkt og arbeidsmåtar. Vår frivillige idrettsrørslø i Lindås deltek med dette på ein samarbeidsarena som del av kulturpolitikken i kommunen og vil ha medverknad i lokal idrettspolitikkk for framtida.

## Idrettsrådet sine oppgåver

Idrettsrådet si primære oppgåve er å vere bindeledd mellom idretten og kommunen, og arbeide for best mogelege vilkår for idretten i kommunen. Idrettsrådet er eit felles organ for all idrett organisert i Norges idrettsforbund og Olympiske og Paralympiske komitè (NIF), og er vald av og mellom idrettslag i kommunen. Idrettslag med medlemskap i NIF vert automatisk medlem i idrettsrådet.

Idrettsrådet har høyringsrett i saker som angår idretten.

Med omsyn til idrettsrådet sine fullmakter må kommunen alltid forutsetja at idrettsrådet uttalar seg på vegne av den samla idretten i kommunen.

## Samarbeidsrutinar

Rådmannen har ansvar for å hente inn uttale frå idrettsrådet i saker som angår idretten i kommunen. idrettsrådet skal verta førelagt alle saker av interesse for idrettslivet og gi uttale i desse. Normalt skal rutinemessig kontakt og dialog vera mellom idrettsråd og kommunen si kultureining.

Følgjande faste årlege rutinar er lagt opp mellom kommunen og idrettsrådet:

- Kommunen har dialog med idrettsrådet i forkant av kommunen sitt arbeid med handlingsprogram/budsjett, dvs. driftsbudsjettet og investeringsbudsjettet, som angår kultur-/idrettsfeltet. Nærare tidspunkt vert fastsett av Rådmannen det enkelte år og meldt tilbake til idrettsrådet.
- Idrettsrådet er høyringsinstans i samband med rullering og revisjon av alt av kommunen sitt planarbeid relevant for idrett, friluftsliv og nærmiljø.
- Idrettsrådet gir råd i samband med tildeling av kulturmidlar. Søknadsfrist for lag og organisasjonar er 1. mars og idrettsrådet skal ha to veker tid til handsaming før rådmannen gir sitt framlegg til vedtak i politisk utval.
- Idrettsrådet gir uttale om spelemiddelsøknader, slik at kommunestyret er kjent med idrettsrådet sine prioriteringar. Idrettsrådet skal ha minst to veker til si handsaming.
- Idrettsrådet er rådgjevande organ ved tildeling av treningstid/bruk av kommunale idrettshallar og utandørs idrettsanlegg om brukarar/idrettslag ikkje vert einige.
- Ved søknad om støtte til andre aktivitetar/prosjekter innan idrett/friluftsliv enn dei som er nemnd, sendes òg saka til uttale i idrettsrådet før kommunen fattar sitt vedtak.

Alle søknader frå medlemslag i idrettsrådet om støtte frå kommunen, skal sendast direkte til kommunen, som deretter innhentar uttale frå idrettsrådet.

#### Varigheit for avtalen

Samarbeidsavtalen vert gjort gjeldande frå 10. juni 2013 og for varigheit inntil vidare. Den skal evaluerast etter to år og kan reviderast når ein av partane finn det naudsynt.

Kvar av partane kan sei opp avtalen skriftleg med seks månaders varsel.

